



Kulturdepartementet
v/ postmottak@kud.dep.no

Oslo, 22.01.2021

Noregs Ungdomslag (NU): innspel til stimuleringsordning

Vi er takknemlege for innsatsen Kulturdepartementet har gjort og framleis gjer for å avhjelpe frivillige lag og organisasjonar gjennom koronakrisa. Kompensasjonsordningane i 2020 redda mange lag, og vi har tru på at stimuleringsordninga vil bli eit godt tiltak for å sparke i gang aktivitet og samtidig sikre økonomien til laga. Utkastet til stimuleringsordning fører derimot med seg problemstillingar som NU fryktar vil hindre våre lag i å søkje ordninga. Her er våre innspel til forbetring:

§ 3 Om momskompensasjonsordninga står det at «*Utbetaling av midler foretas i to omganger*» - Det er uklart for oss kvifor utbetalinga skal skje i to omganger. Blir ikkje dette berre meir arbeid? I tillegg fryktar NU betydeleg meir arbeid knytt til eigenerklæringane, om sentralleddet skal hente inn stadfestingar frå våre 350 lokallag. Vi ser også for oss mange spørsmål frå lokallag som er usikre på om dei kvalifiserer: Gjeld det tap i 2020 eller antatt tap i 2021? Kan dei som fekk støtte frå kompensasjonsordningane i 2020 få søkje? Og så vidare. NU si tilråding er derfor å droppe eigenerklæringsskjema, og dele ut midlane etter prosentvis avkorting frå mottatt beløp i 2019.

§ 4 I høyringsnotatet står det at «*Budsjett 2021 kan legges til grunn, men det forutsettes at budsjettet er realistisk utfra situasjonen.*» Korleis arrangørar no skriv budsjetta sine for 2021 vil variere ekstremt, alt etter kor optimistiske eller pessimistiske dei er for året som kjem. Vi meiner at det blir mykje ryddigare for søkerane om dei legg til grunn eit arrangementsbudsjett som svarer til gjennomføring i eit normalår. Til dømes bør 2019-tal kunne nyttast. Dette for å vise til dei reelle inntektstapa søkerane har.

- Det er for oss veldig uklart om det er meinings å søkje i forkant av eit arrangement eller etter gjennomføring. Dette må tydeleggjera:

Om det skal søkjast i forkant, må det i tillegg leggast ved eit realistisk budsjett som viser til trulege inntekter og utgifter ved gjennomføring med smittetiltak. Det vil i tilfelle vere ekstremt vanskeleg å gjette seg til kva for smittereglar som vil gjelde på tidspunktet for gjennomføring. Når dette spørsmålet er såpass ope, vil optimistane fort tape i kampen om midlane. Forskrifta bør i så tilfelle oppmode til å søkje utifrå eit utgangspunkt om strenge smittereglar. For nokon som skal arrangere eit stevne eller ein leir, har det mykje å seie om deltakarane kan dele sovesal eller må ha enkeltrom, og om det er behov for ti eller tretti betalte instruktørar. Ved søknad på førehand, må også forskriften spesifisere kva som skjer med tildelte midlar dersom arrangementet vert avlyst som følgje av lockdown, og motsett - om letting av restriksjonar gjer at arrangementet blir billigare enn antatt på søknadstidspunktet. NU ber i tilfelle om at midlane ikkje blir kalla tilbake og at søkerane får halde på ubrukta midlar til framtidig aktivitet.

Om det skal søkjast i etterkant av gjennomføring, vil eit forenkla arrangementsrekneskap kunne svare betre til dei reelle kostnadane. For at arrangørar skal tørre å gjennomføre, føreset etterskotsvise søknadar at meir midlar blir tilført stimuleringsordninga dersom ho går tom. Viss ikkje må det vere faste søknadsfristar for å gje alle likt søknadsgrunnlag, og lik avkorting til alle.

- I høyringsnotatet står det at 80 millionar kroner blir satt av til dei som ikkje har registreringsrett i Frivillighetsregisteret, men som kan vise til frivillig aktivitet. Dette gjeld til dømes grendehus organiserte som samvirke. Dette må inn i sjølve forskriften, slik at aktuelle søkerarar får dette tydeleg med seg. Vi ber også om at eit liknande punkt bør vere inkludert i ei framtidig kompensasjonsordning, på lik linje med ordningane i 2020.

- Det har blitt signalisert at kultursektoren får nye kompensasjonsordningar i tillegg til stimuleringsordning. Behovet for kompensasjon er ikkje mindre i frivillig sektor. Blant anna har ungdomshusa til laga våre like store driftskostnader uansett aktivitetsnivå. Vi oppmodar på det sterkeste at det også kjem ei ny kompensasjonsordning for frivillig sektor. Stimuleringsordninga rettar seg best mot større aktørar med større ressursar. Mange små lag med mindre lokale og færre krefter, vil vegre seg for å sette igang aktivitet når smittetiltaka endrar seg kontinuerleg. Ei ny kompensasjonsordning vil vere ekstremt viktig for å hjelpe desse om dei skulle ende opp med å avlyse. Vi foreslår derfor ei differensiering av ordningane. Altså at stimuleringsordninga gir 70-100 prosent dekning, medan ei kompensasjonsordning gir 50 prosent dekning. På denne måten sikrar ein størst insentiv for å gjennomføre arrangement. Det veit vi også at dei aller fleste eigentleg vil, men det er enno ikkje slik at alle våre medlemmar *tør eller kan*.

